



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
19.09.2014
Dykkar dato
08.07.2014

Vår referanse
2014/8873 331.2
Dykkar referanse
14/3665

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,
Postboks 8112 Dep.,
0032 Oslo

Tilskot ved skjøn for 2015

Fylkesmannen har motteke brev av 08. juli d.å. frå departementet om ordinært skjønstilskot for 2015. Fylkesmannen har fordelt kr. 100,7 mill. av ei ramme på kr. 127,7 mill. Det vil seie at det er ei attståande ramme med kr. 27,0 mill.

Den attståande delen av skjønssramma vil bli nytta til fornyings- og utviklingsprosjekt - her inngår også by- og tettstadsutvikling, tiltak i samband med mottak av flyktningar, der BLD har utpeika Hordaland, og Østfold, som prøvefylke, i samband med busetting av flyktningar, og til generell fordeling i året der også uventa hendingar kan bli teke omsyn til.

Midlar knytte til både generell reduksjon i skjønssramma og bortfall av den særskilte kompensasjonen for inntektssvake kommunar er overførte til innbyggjartilskotet. Skjønssramma for fylket er redusert med kr. 9,8 mill. frå 2014 til 2015, eller 7,1 prosent.

Store utgifter til språkdeling

Fylkesmannen tek omsyn til store utgifter til språkdeling for kommunar som har relativt lågt inntektsnivå. Det er teke omsyn til dette for kommunane Sveio, Fjell, Askøy, Os og Meland.

Tilskot til inntektssvake kommunar

For 2014 var det ei ramme på kr. 1,0 mill. til fordeling mellom inntektssvake kommunar i fylket. Ramma blei fordelt mellom kommunane Bømlo, Stord, Fusa, Fjell, Osterøy, Radøy og Austrheim. Denne særskilte ramma blir ikkje vidareført til 2015.

Arbeidsgivaravgift (DAA)

Det er tidligare gitt kompensasjon til kommunar som fekk høgaste arbeidsgivaravgift frå og med 2004 og som ikkje er blitt tilbakeførte til sone med lågare arbeidsgivaravgift seinare (2007). I 2014 blei det gitt kompensasjon til følgjande kommunar :

Etne	kr. 3,6 mill.
Bømlo	kr. 9,5 mill.
Tysnes	kr. 3,6 mill.
Kvinnherad	kr.14,3 mill.
Jondal	kr. 1,6 mill.
Kvam	kr. 9,4 mill.
Sum	kr. 42,0 mill.

Frå og med 01.juli 2014 er kommunane Tysnes, Kvinnherad og Jondal overførte frå sone 1 til sone 2 for arbeidsgivaravgift. Det går fram av departementet sitt brev at trekk i kompensasjon som følgje av lågare avgift for dei aktuelle kommunane kjem som trekk på rammetilskotet, og ikkje som trekk i skjønnsramma.

Kompensasjon knytt til høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Vi finn det riktig å begynna å trappa ned kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift frå og med 2015. Det er viktig for at fordelinga av skjønsmidlane skal vere rettfærdig i høve til andre kommunar utan denne særskilte kompensasjonen.

Det gjeld også for ein stor del av kommunane i fylket som frå og med år 2000 blei overførte frå sone 2 til sone 1 for arbeidsgivaravgift. Kompensasjon til desse kommunane blei teken bort etter berre eit par år. Av 14 kommunar i landet som frå 01.01.2000 blei overførte til sone med høgaste avgift er ni kommunar i Hordaland.

Vi legg difor opp til følgjande for 2015:

- a) Kvinnherad kommune har høg årleg eigedomsskatt frå kraftanlegg. Kommunen har mykje kapital i fond og har hatt store netto driftsoverskot i 2012 og 2013 knytte til utviklinga i aksjemarknaden.

Vi legg opp til å nesten halvera kompensasjon for arbeidsgivaravgift (kr. 14,3 mill. i 2014), det vil seie redusera skjønstilskotet til kr. 7,2 mill. for 2015.

- b) For dei andre kommunane som har fått eigen kompensasjon for arbeidsgivaravgift (Etne, Bømlo, Tysnes, Jondal og Kvam) vil vi redusera kompensasjon for arbeidsgivaravgift med i overkant av 7 prosent i 2015.

- c) Ikkje-fordelt ramme i 2014 var opphavleg kr. 24 ½ mill. Denne blir auka til kr. 27,0 mill. for 2015.

Vi har redusert skjønstilskotet - men i mindre grad - også for mange av kommunane som ikkje er omfatta av kompensasjonsordninga for arbeidsgivaravgift. Redusert skjønstilskot har for alle kommunane samanheng med at ein del av skjønnsramma er trekt ut og i staden overført til innbyggjartilskotet. Reduksjon i fordelt skjønstilskot har også samanheng med at den ikkje-fordelte skjønnsramma blir auka med kr. 2 ½ mill. frå 2014 til 2015.

Bergen

Tilskot 2014, kr. 17,0 mill.

Kommunen har opphoping av levekårproblem i delar av byen. Kommunen arbeider med tiltak i område som har spesielle utfordringar knytte til levekår, blant anna med oppvekstvilkår for barn og unge, styrking av det kulturelle og sosiale miljøet samt standardheving av infrastruktur.

Talet på saker innan barnevernet har auka for kvart år. Talet på barn med hjelpetiltak i familien har auka ytterlegare i første tertial i år. Det er også eit stort press på kommunale tenester innan psykiatri og ressurskrevjande omsorg.

Øvre del av Nygårdsparken blei stengd frå slutten av august d.å. for rehabilitering. Det er blant anna etablert to nye mottaks- og omsorgssentre innafør rusfeltet. Desse tiltaka innafør rusfeltet vil vere ressurskrevjande.

Som regionsenter gir kommunen tilbod også til innbyggjarar utanfor kommunen, blant anna innafør brannberedskap, kultur og sikring av kulturminne.

Tilskot 2015, kr. 15,8 mill.

Etne

Tilskot 2014, kr. 4,0 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt kompensasjon for høgare avgift til kommunen gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon knytt til høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015.

Kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift blir trappa ned med kr. 0,25 mill. (7 prosent av kr. 3,6 mill.).

Det er rekna at kommunen vil få ein relativt stor reduksjon i distriktstilskotet for Sør-Noreg frå 2014 til 2015 som følgje av omlegginga av ordninga. Reduksjonen blir teken omsyn til gjennom overgangsordninga INGAR.

Kommunen har hatt ei positiv utvikling i folketalet i dei siste åra, som for ein stor del er knytt til arbeidsinnvandring frå utlandet. Det er utfordring med fleire framandspråklege barn i skulen og barnehagane.

Kommunen har utfordringar knytt til plansida som følgje av mange kulturminne og verna vassdrag. Det er krav om beredskap for tunnelane på E134 langs Åkrafjorden med omsyn til kompetanse og utstyr for brannvesenet.

Kommunestyret har vedteke utviding av eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2015.

Tilskot 2015, kr. 3,8 mill.

Sveio

Tilskot 2014, kr. 4,0 mill.

Kommunen har i dei siste åra hatt høg folkevekst. Det er behov for å auka kapasiteten innafør skule, barnehage, barnevern m.m. Det er rekna med ein liten auke i veksttilskotet frå 2014 til 2015.

Kommunen har om lag 2000 hytter og må yta heimetenester til hyttebrukarar som har behov for det. Kommunen har stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø. Fleire alvorlege ulykker knytte til gjennomgangstrafikken og tidlegare brannar i kommunen gjer det nødvendig med høg beredskap.

Fylkesveg 47 delar nedslagsfeltet til drikkevatt. Auka gjennomgangstrafikk har bidrege til risiko for forureining av vatnet. Mattilsynet har gitt pålegg om utbetringar som har medført ekstra investering og kapitalutgifter for kommunen.

Tilskot 2015, kr. 3,8 mill.

Bømlo

Tilskot 2014, kr. 11,2 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt kompensasjon for høgare avgift til kommunen gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon knytt til høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015.

Kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift blir trappa ned med kr. 0,66 mill. (7 prosent av kr. 9,5 mill.).

Kommunen har til og med 2014 fått særskilt kompensasjon av ramma for inntektssvake kommunar. Denne særskilte ramma blir ikkje vidareført til 2015.

Kommunen er ein tidlegare vertskommune for HVPU - reforma og har mange ressurskrevjande brukarar. Det er mange utviklingshemma i eigen bustad med behov for hjelp.

Kommunen viser til at den kjem dårleg ut av omlegginga som er gjort med omsyn til finansieringa av bufellesskap for einslege mindreårige flyktingar.

Tilskot 2015, kr. 10,4 mill.

Stord

Tilskot 2014, kr. 2,1 mill.

Kommunen er eit regionsenter med stor innpendling av studentar til høgskulen og arbeidarar i industriverksemdene. Det er mange utanlandske arbeidarar. Det gir særleg press på helse-tenesta, språkopplæring m.m. i kommunen.

Kommunen har høge utgifter til rusomsorg. Utgiftene er høgare enn for samanliknbare kommunar. Det er inngått samarbeid med Kirkens bymisjon om å gi rusmisbrukarar eit tilbod om arbeid.

Kommunen har låg dekning av institusjonsplassar. Det er behov for store investeringar i denne samanhengen. Kommunen står også framfor investeringar i skulebygg og gravplass.

Kommunen (som konsern) har akkumulert rekneskapsunderskot. Det står att underskot for to kommunale føretak med til saman kr. 11,5 mill. ved utgangen av 2013, som er planlagt dekt inn i 2014.

Kommunen innførte i 2012 eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskatten er i 2013 utvida til også bustader og fritidseigedomar.

Tilskot 2015, kr. 1,9 mill.

Fitjar

Tilskot 2014, kr. 3,2 mill.

Kommunen viser til at kostnadene innan pleie- og omsorgstenestene er særleg tyngande. Det blir vist til fleire ressurskrevjande brukarar som på grunn av alderen ikkje lenger er i refusjonsordninga, samt andre yngre brukarar med psykiske vanskar eller autisme m.m.

Innafor skule/barnehage er det også vist til barn med autisme. Det er opplyst at kostnadene til barnevernet aukar mykje i år. Innafor sosialtenesta er det mange krevjande LAR - brukarar, samt utfordring med unge som blir rekruttert til rusmiljøet.

Det er vist til behov for å styrka heimetenestene si vaktordning for å imøtekoma behovet i framtida.

Kommunen har frå og med 2009 utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen. Innkomen eigedomsskatt i 2012 var i overkant av kr. 6 mill. Budsjettert eigedomsskatt for 2014 er kr. 13,9 mill. Inntektsauken skuldast eigedomsskatt frå vindkraft etter utbygging med vindmøllar.

Kommunen har fått eit relativt høgt skjønstilskot i fleire år.

Tilskot 2015, kr. 3,0 mill.

Tysnes

Tilskot 2014, kr. 4,8 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt kompensasjon for høgare avgift til kommunen gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon knytt til høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Kommunen har fått lågare avgift frå 01.juli 2014 som følge av nye retningslinjer for regionalstøtte. Det går fram av departementet sitt brev at mindre kompensasjon som følge av lågare avgift kjem gjennom trekk på rammetilskotet (ikkje på skjønstilskotet).

Kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift blir trappa ned med kr. 0,25 mill. (7 prosent av kr. 3,6 mill.).

Kommunen har mange fritidsbustader. Det er fleire fritidsbustader enn heilårsbustader i kommunen. Det gir kommunen utfordringar med omsyn til tenestetilbodet innan legetenesta, brannberedskap og infrastruktur m.m.

Kommunen har mange fornminne. Det har vore krevjande både i ulike arealspørsmål og i samband med kommunale investeringar. Som øykommune er det vanskeleg å få til interkommunalt samarbeid innan bl.a. legevakt og barnevern. Det er eit stort behov for å styrka vedlikehaldet av både vegar og kaiar.

Kommunen innførte i 2009 eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Eigedomsskatten er auka frå 2 promille til 3,8 promille i år.

Tilskot 2015, kr. 4,5 mill.

Kvinnherad

Tilskot 2014, kr. 14,3 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt kompensasjon for høgare avgift til kommunen gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon knytt til høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Kommunen har fått lågare avgift frå 01.juli 2014 som følgje av nye retningslinjer for regionalstøtte. Det går fram av departementet sitt brev at mindre kompensasjon som følgje av lågare avgift kjem gjennom trekk på rammetilskotet (ikkje på skjønstilskotet).

Kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift blir trappa ned med kr. 7,1 mill. (nesten halvdel av kr. 14,3 mill.).

Det er rekna at kommunen vil få auka distriktstilskot i 2015 som følgje av omlegginga av ordninga.

Kommunen har høg eigedomsskatt frå kraftverk. Vi finn ikkje å kunne gi ordinært skjønstilskot utover kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift. Denne kompensasjonen blir som nemnd trappa ned.

Tilskot 2015, kr. 7,2 mill.

Jondal

Tilskot 2014, kr. 2,0 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt kompensasjon for høgare avgift til kommunen gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon knytt til høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Kommunen har fått lågare avgift frå 01.juli 2014 som følgje av nye retningslinjer for regionalstøtte. Det går fram av departementet sitt brev at mindre kompensasjon som følgje av lågare avgift kjem gjennom trekk på rammetilskotet (ikkje på skjønstilskotet).

Kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift blir trappa ned med kr. 0,11 mill. (7 prosent av kr. 1,6 mill.).

Kommunen viser til aukande utgifter til barnevernet. Kommunen deltek i barneverns-samarbeid med fleire kommunar i Hardanger.

Folgefonna er eit populært reisemål. For kommunen er det viktig å utbetra vegen til Folgefonna med sikte på tryggleik for dei køyrande. Kommunen har budsjettert med auka investeringsutgifter til vegen for i år.

Tilskot 2015, kr. 2,0 mill.

Odda

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet over ein lang tidsperiode. Hjørnesteinsverksemda Odda Smelteverk gjekk konkurs i 2003. Det har medført fleire utfordringar for kommunen.

Kommunen har ei alderssamansetjing med mange eldre. Det er låg dekning av plassar med heildøgntilsyn innan pleie- og omsorg. Kommunen har mange av dei same utfordringane som byar, t.d. innan barnevern og rusproblem.

Det er pårekna at kommunen vil få redusert distriktstilskot i 2015 som følgje av omlegging av ordninga. Inntektsreduksjonen blir teken omsyn til gjennom overgangsordninga INGAR.

I skulen har om lag 65 prosent av elevane nynorsk og 35 prosent av elevane bokmål. Språkdelinga gjer det nødvendig med ekstra skuleklassar.

Kommunen har høg eigedomsskatt frå kraftverk. Vi finn difor ikkje å kunne gi ordinært skjønstilskot for 2015. Tilskot knytt til tettstadsutvikling (restfordeling 2014) blir vurdert særskilt.

Ullensvang

Tilskot 2014, kr. 2,5 mill.

Kommunen har over ein lang tidsperiode hatt ei negativ utvikling i folketalet. Folketalet har vore stabilt i seinare tid, men i 2013 var det på ny ei negativ utvikling.

Frå hausten 2012 er det lagt ned to av dei seks barneskulane i kommunen for å få innsparringar.

Kommunehelsetenesta er kostnadskrevjande. Det skuldast bl.a. at fjorden deler kommunen i to legevaktstrikt.

Kommunen utvidar i 2014 eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen.

Det er rekna at distriktstilskotet vil bli redusert i 2015 som følgje av omlegginga av ordninga. Inntektsreduksjonen blir teken omsyn til gjennom overgangsordninga INGAR.

Fylkesmannen vil at kommunen framleis skal få eit høgt skjønstilskot.

Tilskot 2015, kr. 2,5 mill.

Eidfjord

Kommunen har høg eigedomsskatt frå kraftanlegg og høg naturressursskatt. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2015.

Ulvik

Kommunen har eit relativt godt inntektsgrunnlag med eigedomsskatt frå kraftanlegg. Ordinært skattenivå er relativt høgt som følgje av naturressursskatt.

Kommunen har frå og med 2013 fått småkommunetilskot.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2015.

Granvin

Tilskot 2014, kr. 1,4 mill.

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet. Mange barnefamilier flyttar frå kommunen. Talet på eldre over 80 år går tilbake. Det er rekna med auke i talet på eldre først frå år 2020.

Kommunen ynskjer å setje i verk tiltak med sikte på bustadbygging og etablering for lettare næringsverksemd / offentleg verksemd, men har avgrensa økonomiske midlar til å få i gang nye tiltak. Arbeidsplassane som vart borte då Gilde flytta ut sin produksjon er ikkje blitt erstatta.

Kommunen gjennomførte tidleg på 1990 - talet store investeringar i aldersbustader / eldre-senter, og i 2001 - 2002 blei det investert i ny sjukeheim. Desse investeringane påførte kommunen ei høg lånegjeld.

Vegbygging til dei mange grendene har gjort at busetnaden er oppretthalde. Dei fleste grendene ligg rundt 200 - 300 m.o.h. Vegane er difor ressurskrevjande å vedlikehalde.

Tilskot 2015, kr. 1,4 mill.

Voss

Tilskot 2014, kr. 5,3 mill.

Kommunen har hatt økonomisk ubalanse med akkumulert underskot, men kommunen gjekk med overskot i 2013. Det er gjennomført fleire innsparingstiltak med delvis effekt i 2012 og ytterlegare effekt i 2013. Det er framleis aukande utgifter knytt til at det både bur mange eldre og ressurskrevjande brukarar i kommunen.

Det er mange fritidsbustader i kommunen. Det aukar behovet for helse- og omsorgstenester i delar av året. Kommunen er eit regionsenter med bl.a. fleire vidaregåande skular.

Kommunen må skifte pensjonsleverandør og det vil krevje ei større eingongsinnbetaling. Denne må takast over drift eller frå fondsmidlar (ikkje lån).

Kommunen utvida eigedomsskatten til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2010. Det er venta inntektsreduksjon samla for eigedomsskatt, konsesjonskraft og utbytte i 2015 og 2016 som følgje av lågare straupris.

Tilskot 2015, kr. 5,1 mill.

Kvam

Tilskot 2014, kr. 10,3 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt kompensasjon for høgare avgift til kommunen gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon knytt til høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015.

Kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift blir trappa ned med kr. 0,66 mill. (7 prosent av kr. 9,4 mill.).

Kommunen utvida eigedomsskatten til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2010. Lågare kraftprisar har gitt reduksjon i kraftinntektene i seinare år. I år ser det ut til at denne inntektsreduksjonen blir forsterka.

Det er rekna at kommunen vil få ein relativt stor reduksjon i distriktstilskotet for Sør - Noreg frå 2014 til 2015 som følge av omlegginga av ordninga. Reduksjonen blir teken omsyn til gjennom overgangsordninga INGAR.

Kommunen har gjennomført strukturendringar i barneskulen og har redusert talet på skular. Det er starta arbeid med strukturendring til større einingar og reduksjon i talet på kommunale barnehagar. Det er eit aukande behov for barnehageplassar. Det har i dei siste åra vore ein svak vekst i folketalet i kommunen men stor intern forskyving og sentralisering.

Kommunen har fått fleire ressurskrevjande brukarar i dei siste åra.

Tilskot 2015, kr. 9,6 mill.

Fusa

Tilskot 2014, kr. 5,0 mill.

Kommunen har fått redusert skattenivået i dei siste åra samanlikna med landsgjennomsnittet. I dei siste åra har det også vore ein nedgang i folketalet. Denne utviklinga har samanheng med nedlegging av private arbeidsplassar og verksemdar. Kommunen tapte også skatteinntekter på bortfallet av den kommunale selskapskatten.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2009.

Kommunen har ein desentralisert struktur med mykje spreidd busetnad. Det er behov for å styrka vedlikehaldet av både kommunale vegar og eigedomsmassen. Den spreidde busetnaden medfører også mykje reisetid for heimetenesta.

Kommunen har relativt mange ressurskrevjande brukarar. Ein av desse blir 67 år i år og fell difor ut av refusjonsordninga frå og med 2015.

Tilskot 2015, kr. 4,8 mill.

Samnanger

Tilskot 2014, kr. 2,0 mill.

Kommunen har ansvaret for ein ressurskrevjande brukar med alvorleg sjukdom. Personen er over 67 år og blir difor ikkje omfatta av ordninga med tilskot til ressurskrevjande brukarar. Kommunen hadde i 2013 utgifter på kr. 4,5 mill. for denne personen.

Kommunen har ein sjukeheim og den har ikkje tilfredsstillande standard. Kommunen planlegg bygging av ny sjukeheim mot slutten av dette året. I tillegg til at dette er ei stor in-

vestering, med høge kapitalutgifter for kommunen, vil det også kome mellombelse utgifter til leige av lokale m.m. i byggeperioden.

For å kunne realisere ny sjukeheim har kommunestyret vedteke å utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2015.

Tilskot 2015, kr. 2,2 mill.

Os

Tilskot 2014, kr. 1,0 mill.

Kommunen har over lang tid hatt høg folkevekst, særleg i dei siste åra. Den høge folkeveksten har medført eit høgt investeringsbehov, som i tillegg til skular og sjukeheimsplassar også omfattar andre investeringar t.d. innan kultur og sentrumsutvikling.

Kommunen får veksttilskot med kr. 4,6 mill. i 2014. Førebels utrekning syner at dette vil auka til kr. 11,9 mill. i 2015.

Ein stor del av foreldra vil at barna skal ha bokmål i skulen. Som følgje av språkdeling, må kommunen ha ekstra grupper for bokmålselevar.

Kommunen har utfordringar bl.a. i barnehagesektoren og innan barnevernet. Det er relativt mange barn busett i kommunen som går i barnehage i Bergen, slik at kommunen må betala refusjon for desse barna. Innan barnevernet er kapasiteten auka og det er auke i talet på saker.

Kommunen har ikkje innført noko eigedomsskatt, korkje på verk og bruk eller på andre faste eigedomar.

Skjønstilskotet blir vidareført på same nivå som i 2014.

Tilskot 2015, kr. 0,9 mill.

Austevoll

Tilskot 2014, kr. 2,0 mill.

Kommunen har eit relativt høgt skattenivå. Det har for ein stor del samanheng med høg formuesskatt. Tidlegare rekneskapsunderskot blei dekt inn for eit par år sia. Skatteinntektene kan svinga mykje frå år til år.

Kommunen har mange fritidsbustader. Dette fører til ekstra kommunale helsetenester og auka beredskap i delar av året.

Kommunen fekk tidlegare eit høgt skjønstilskot som følgje av ein vanskeleg økonomisk situasjon. Fylkesmannen ga i 2012 signal om at skjønstilskotet ville bli trappa ned til eit lågare nivå.

Frå og med 2013 var det vedteke å ta bort eigedomsskatten på bustader, fritidsbustader og nærings eigedom. Eigedomsskatten er berre blitt vidareført for verk og bruk.

Fylkesmannen har åtvare kommunen mot dei høge planlagde låneopptaka i 2014 og 2015. Kommunen sitt gjeldsnivå kan bli for høgt etter 2015, i høve til eit pårekna inntektsnivå.

Tilskot 2015, kr. 1,9 mill.

Sund

Tilskot 2014, kr. 1,0 mill.

Kommunen har teke imot mange flyktningar. Av flyktningane er det fleire med hjelpebehov.

Det vart innført eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2008.

Kommunen har fått statleg veksttilskot frå og med 2011. Førebels utrekning syner at veksttilskotet vil auka frå kr. 0,1 mill. i 2014 til kr. 0,9 mill. i 2015.

Tilskot 2015, kr. 0,9 mill.

Fjell

Tilskot 2014, kr. 2,0 mill.

Kommunen har hatt stor folkevekst over lang tid. Veksten har vore høg også no i den seinare tid. Kommunen har ei svært ung befolkningssamansetjing med mange innbyggjarar i aldersgruppene for barnehage og grunnskule. Finansieringa av private barnehageplassar har vore ei økonomisk utfordring.

Kommunen har nynorsk som hovudmål. Ein stor del av foreldra vil ha bokmål for barna i skulen. Det medfører behov for ekstraklassar som følge av språkdelling.

Kommunen har hatt eit for høgt driftsnivå i dei seinaste åra i høve til inntektene. Det er gjennomført innsparingstiltak og ubalansen på drifta er blitt mindre i den siste perioden.

Kommunen får ikkje veksttilskot i 2014. For 2015 er veksttilskot førebels rekna til om lag kr. 9,9 mill.

Kommunen har ikkje innført nokon eigedomsskatt, korkje på verk og bruk eller faste eigedomar.

Tilskot 2015, kr. 1,7 mill.

Askøy

Tilskot 2014, kr. 1,8 mill.

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og har ei svært ung alderssamansetjing. Det er difor eit stort behov for utbygging av barnehage og skular. Finansieringa av private barnehageplassar har også vore krevjande. Dei store investeringane som er gjennomførte har medført at kommunen no har eit høgt gjeldsnivå.

Kommunen har mange ressurskrevjande brukarar. Den tidlegare HVPU - institusjonen Furuly var lokalisert i kommunen. Ein særleg ressurskrevjande brukar vart 67 år i 2013 og fell difor ut av tilskotsordninga for ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.

Det er rekna at veksttilskotet vil auka frå kr. 1,3 mill. i 2014 til kr. 8,5 mill. i 2015.

Kommunen har ikkje eigedomsskatt korkje på verk og bruk eller på faste eigedomar.

Tilskot 2015, kr. 1,7 mill.

Vaksdal

Tilskot 2014, kr. 1,0 mill.

Kommunen har utfordringar knytte til nedgang i sysselsetjinga i den lokale industrien. Det er i år bestemt å leggja ned garnproduksjonen, noko som vil gjere at sysselsetjinga blir redusert. Det er krevjande å erstatta dei tapte arbeidsplassane med nye.

Kommunen har ein krevjande topografi som gjer det vanskeleg å leggje til rette for nye bustader og næringsverksemd. Fleire område er potensielt rasfarlege og det er behov for førebyggjande tiltak.

Som følgje av den sterkt trafikkerte E16 har kommunen auka beredskapen innafor brann og redning. Det er også gjennomgangstrafikk på jernbane. Rasfare knytt til topografi bidreg også til auka utgifter til beredskap.

Kommunen vil få redusert distriktstilskot for Sør - Noreg frå 2014 til 2015 som følgje av omlegginga av ordninga. Reduksjonen blir teken omsyn til gjennom overgangsordninga INGAR.

Kommunen har relativt høg eigedomsskatt frå kraftanlegg.

Tilskot 2015, kr. 0,8 mill.

Modalen

Kommunen har høg eigedomsskatt frå kraftanlegg og høg naturressursskatt. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2015.

Osterøy

Tilskot 2014, kr. 4,6 mill.

Det akkumulerte rekneskapsunderskotet er redusert i dei siste åra, men det står framleis att underskot (kr. 11,3 mill.) ved utgangen av 2013.

Busetnaden i kommunen er desentralisert. Kommunen viser til at avstandane medfører høge kostnader til mellom anna heimetenester, skuleskyss og vegvedlikehald. Det er eit stort etterslep på vedlikehald av kommunale vegar og delvis også på kommunale bygg. Behovet for vedlikehald aukar også ved at dei siste åra er overført fylkesvegar til kommunen.

Kommunen har utfordringar med høge kostnader innafor mellom anna spesialundervisning og barnevern.

Kommunen utvida eigedomsskatten til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2007. I 2014 er skattesatsen for bustader auka frå 4 til 6 promille. Det er gjennomført strukturendring innafør heimetenesta og skulesektoren i 2013 for å få innsparing av kostnader.

På denne bakgrunn vil vi oppretthalde eit høgt skjønstilskot også for 2015. Det høge skjønstilskotet er mellombels.

Tilskot 2015, kr. 4,5 mill.

Meland

Tilskot 2014, kr. 4,2 mill.

Kommunen har over mange år hatt akkumulert rekneskapsunderskot. Resten av underskotet vart dekt inn i rekneskapen for 2013.

Kommunen har hatt høg folkevekst over ein lang periode, og det er no ei svært ung alderssamansetjing. Stor utbygging av barnehage- og skulesektoren samt infrastruktur har vore naudsynt for å møte folkeveksten. Det er behov for å auka skulekapasiteten ytterlegare i den komande økonomiplanperioden.

Kommunen får statleg veksttilskot, som aukar i 2015 med omlegginga av tilskotsordninga. Det er pårekna ein auke i veksttilskotet frå kr. 4,1 mill. i 2014 til kr. 7,7 mill. i 2015.

Mange av foreldra ynskjer bokmål for barna i skulen og krav om språkdeling gjer at kommunen må oppretta ekstra skuleklassar.

Kommunen har gjennomført store innsparingstiltak for å retta opp økonomien og dekkja inn akkumulert underskot. Det har redusert tenestetilbodet til innbyggjarane. Kommunen viser til reduserte tenester til barn og unge, samt tenesteområde som rus og psykiatri.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2009.

Kommunen har fått eit høgt skjønstilskot dei siste åra på bakgrunn av den vanskelege økonomiske situasjonen. Kommunen må vere førebudd på at skjønstilskotet blir redusert til eit lågare nivå over dei neste åra.

Tilskot 2015, kr. 3,9 mill.

Øygarden

Kommunen har høg eigedomsskatt frå olje- og gassindustri. Kommunen har årleg eigedomsskatt - avgrensa til verk og bruk - med om lag kr. 140 mill.

Fylkesmannen finn på denne bakgrunnen ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2015.

Radøy

Tilskot 2014, kr. 3,2 mill.

Kommunen har mange innbyggjarar frå Polen og Litauen. Dette bidreg til at ein stor del av elevane i skulen har framandspråkleg bakgrunn.

Kommunen viser til at den har høge utgifter pr. barn innan barnevernet, i høve til andre samanliknbare kommunar. Nye reglar frå 2011 om at kommunane må betala refusjon for barn som går i private barnehagar i andre kommunar, har vidare ført til auka kostnader. Desse utgiftene er dessutan vanskelege å føreseia.

Kommunen har mange PU - brukarar samanlikna med gjennomsnittet på landsbasis. I 2012 blei nye PU - bustader tekne i bruk og brutto driftskostnader for tenester til PU - brukarane har auka mykje.

Kommunen har mange fritidsbustader, og det fører til auka behov for å utføra kommunale tenester i periodar av året.

Kommunen utvida eigedomsskatten i 2009 frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen.

Tilskot 2015, kr. 3,2 mill.

Lindås

Statoil sitt oljeraffinerianlegg ligg på Mongstad og gir høge eigedomsskatteinntekter. Eigedomsskatten til kommunen i 2013 var kr. 162,8 mill. På bakgrunn av dei høge eigedomsskatteinntektene frå anlegget, finn vi ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2015.

Austrheim

Tilskot 2014, kr. 1,6 mill.

Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag, både som følgje av høgt personskattenivå og eigedomsskatt frå Mongstad - anlegget (ein mindre del av anlegget).

Kommunen har frå og med 2011 fått årleg skjønstilskot, kr. 1,6 mill., fordelt av departementet i samband med tap knytt til omlegginga av inntektssystemet.

Kommunen opplyser at den har store ekstra kostnader til ressurskrevjande elevar og minoritetsspråklege elevar i skulane. Kommunen viser også til at den har kostnader til ekstra bemanning i barnehagane for barn med særlege behov.

Kommunen har tidlegare fått småkommunetilskot. Tilskotet vart ikkje vidareført frå 2013 til 2014, då skattenivået i gjennomsnitt dei siste tre åra var over 120 prosent av gjennomsnittet for heile landet. Kommunen vil heller ikkje få småkommunetilskot i 2015, men kan eventuelt få det tilbake i 2016.

Sjølv om kommunen tapte småkommunetilskotet frå 2013 til 2014, var det likevel ein tilfredsstillande inntektsutvikling i denne perioden. Dette skuldast kompensasjon gjennom over-

gangsordninga INGAR og auka utgiftsutjamning. Det vil difor bli større effekt av bortfallet av småkommunetilskot i 2014, når vi kjem i 2015.

Fylkesmannen vil vurdere skjønstilskotet til kommunen dei neste åra i samanheng med om småkommunetilskotet kjem tilbake etter 2015.

Tilskot 2015, kr. 1,8 mill.

Fedje

Tilskot 2014, kr. 1,5 mill.

Kommunen har over lang tid hatt svak folketalsutvikling. Folketalet har dei siste åra vore under 600 innbyggjarar og er blitt redusert år for år.

Det blir arbeidd aktivt med sikte på å oppretthalde busetnaden og leggje til rette for arbeidsplassar i næringslivet. Det er også gjennomført fleire tiltak for å gi innbyggjarane fritidstilbod. U - 864 har vore ei krevjande utfordring for kommunen og for reiselivet.

Kommunen har fått reduserte eigedomsskatteinntekter som følgje av regelendring om ny yttergrense for skatt i sjøområde. Årleg inntektstap er rekna til om lag kr. 1 ½ mill. i høve til inntektsnivået før omlegging.

Det er behov for utbygging innan eldresektoren. Bygningsmassen tilfredsstillar ikkje dagens krav til standard. Det er planlagt bygging av omsorgsbustader like ved sjukeheimen. Planen er at sjukeheimen deretter blir rusta opp.

På bakgrunn av dei spesielle utfordringane kommunen har, vil vi oppretthalde skjønstilskotet på eit høgt nivå for 2015.

Tilskot 2015, kr. 1,4 mill.

Masfjorden

Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følgje av naturressursskatt og eigedomsskatt på kraftanlegg. Kommunen vil få småkommunetilskot også i 2015.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2015.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Fordeling av skjønstilskot for 2015

.				
ÅR : 2015				
i kr. 1,000,-		tilskot	tilskot	endring i kr.
		2014	2015	
KOMMUNANE				
1201	Bergen	17000	15800	-1200
1211	Etne	4000	3800	-200
1216	Sveio	4000	3800	-200
1219	Bømlo	11200	10400	-800
1221	Stord	2100	1900	-200
1222	Fitjar	3200	3000	-200
1223	Tysnes	4800	4500	-300
1224	Kvinnherad	14300	7200	-7100
1227	Jondal	2000	2000	0
1228	Odda	0	0	0
1231	Ullensvang	2500	2500	0
1232	Eidfjord	0	0	0
1233	Ulvik	0	0	0
1234	Granvin	1400	1400	0
1235	Voss	5300	5100	-200
1238	Kvam	10300	9600	-700
1241	Fusa	5000	4800	-200
1242		2000	2200	200

Samnanger				
1243 Os		1000	900	-100
1244 Austevoll		2000	1900	-100
1245 Sund		1000	900	-100
1246 Fjell		2000	1700	-300
1247 Askøy		1800	1700	-100
1251 Vaksdal		1000	800	-200
1252 Modalen		0	0	0
1253 Osterøy		4600	4500	-100
1256 Meland		4200	3900	-300
1259 Øygarden		0	0	0
1260 Radøy		3200	3200	0
1263 Lindås		0	0	0
1264 Austrheim		1600	1800	200
1265 Fedje		1500	1400	-100
1266 Masfjorden		0	0	0
Ikkje - fordelt		24500	27000	2500
SUM		137500	127700	-9800
SUM UTANOM BERGEN.		120500	111900	-8600